



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Aurland

Dato: 11.10.2022

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 20/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 22/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 32/22	Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane	2022/11607	
RS 33/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Fristølen - helikoptertransport av utstyr	2022/12459	
RS 34/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Lintu - helikoptertransport av materiale til stølshus	2022/11148	
RS 35/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Drægo til Hjølmo - motorferdsel på barmark - utvida transportperiode	2022/4691	
ST 23/22	Godkjenning - revidert skjøtselsplan for Styvi - Nærøyfjorden landskapsvernombord	2022/9333	
ST 24/22	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Skalmenes - gravemaskin til grunnmursarbeid	2022/13135	
ST 25/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - ny medlemsliste - rådgjevande utval	2022/2466	
ST 26/22	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Øvste Stegen Høgdagard - etablering av grisehus og gjerde	2021/9262	
ST 27/22	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Drægo Hjølmo, motorferdsel vinterføre - uttransport av felt hjort	2022/11712	
ST 28/22	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Ljosdalen - oppføring av utedo	2022/11835	
ST 29/22	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Ljosdalen - reiskapsbu	2022/11835	

ST 20/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 21/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 22/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 32/22 Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane
RS 33/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fristølen - helikoptertransport av utstyr
RS 34/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Lintu - helikoptertransport av materiale til stølshus
RS 35/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel på barmark - utvida transportperiode



Arkivsaksnr: 2022/9333-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/22	11.10.2022

Godkjenning - revidert skjøtselsplan for Styvi - Nærøyfjorden landskapsvernombord

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner revidert skjøtselsplan for Styvi – Nærøyfjorden landskapsvernombord, rapport 2022 – 36, med følgjande tilføyinger:

- Vetlestyvi skal leggjast til i overskrifta i tillegg til Skalmenes under kapittel 4.4.2 *Råd for ulike delområde*, punkt 1. Omtale av skjøtsel av Vetlestyvi skal leggjast til under dette punktet.
- Samla arealtal for begge bruksområder skal rettast til 147 daa. Arealtala skal leggjast inn i tabellane i kapittel 8.
- Tabellen med spesifisert skjøtsel for kvart område skal vera med som vedlegg til skjøtselsplanen, *Uttale frå Aurland kommune 09.09.2022 – Areal drive av grunneigar Bjørn Henning Hov*.
- Det skal etablerast overvakning av bevaringsmål for representativ seminaturleg eng og eng i tidleg gjengroing. For kvart område skal det lagast metode for overvakning. Framlegg til overvakingsmetoden skal utarbeidast i samråd med SNO. Overvakning av bevaringsmåla skal knytast til fagsystemet Naturstatus i verneområde (NatStat), og med tilhøyrande feltapplikasjon NatReg. Overvakning av bevaringsmål skal leggjast inn i skjøtselsplanen under kapittel 7 *Mål*.

Saksopplysningar

- Uttale – revidert skjøtselsplan – Styvi – Nærøyfjorden, *Aurland kommune*, 09.09.2022
- Svar på høyring – Nærøyfjorden landskapsvernombord – skjøtselsplan for Styvi, *Statsforvaltaren i Vestland*, 14.09.2022
- Utkast - revidert skjøtselsplan for Styvi – Nærøyfjorden landskapsvernombord. Miljøfagleg utredning – rapport 2022 – 36
- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Skjøtselsplan for Styvi – Holmo – rapport 1994 – 4, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

Nærøyfjorden verneområdestyre sende revidert skjøtselsplan for kulturlandskapet på Styvi ut på høyring 07.07.2022. Gjeldande skjøtselsplan er fra 1994 (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 1994-4), og vart utarbeidt då området var verna som Styvi – Holmo landskapsvernombord. I dag er dette verneområdet ein del av Nærøyfjorden landskapsvernombord.

I 2021 vart det gjennomført basiskartlegging (NiN) av verneområdet frå Knoken til Skalmenes av Miljøfaglig Utredning. NiN-kartlegging har vore del av kunnskapsgrunnlaget til ny skjøtselsplan. Skjøtselsplanen er utarbeid i samråd med grunneigarane på Styvi. I skjøtselsplanen frå 1994 er skjøtsel av postvegen mellom Bleiklindi – Styvi ein del av planen. Postvegen er ikkje med i den reviderte planen. For postvegen er det sett i gang eit eige arbeid med tiltaksplan for restaurering av denne.

Frist for å senda innspel til utkast til revidert skjøtselsplan for Styvi var sett til 12. september 2022. Statsforvaltaren i Vestland fekk utsett høyringsfrist til 16.09.200. Det er kome uttale frå Aurland kommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Innspel frå Aurland kommune:

- **8.3.** Denne lista er ikkje uttømmande. Det er stoda pr no og det kan bli endringar. Det må vurderast kor detaljert denne skal vera. Spesielt med tanke på kolona for kostnad/tid. Kan vera vanskeleg å få rette tal her. Om det skal stå tal her, må det komma fram at det er verdiar som er sett pr dato og at det kan bli endring.
- **Vetlestyvi.** Her er det no beitepuassing på områda nede på «flata. Det er tilrådd å slå arealet som ligg opp i bakken. Her er attgroinga starta, og detasta med å få rydda og slå her. Tiltak for å få tilbake drift og skjøtsel her, må omtala i planen.
- Det er ynskeleg å rydda fram att areal frå Styvi og innover mot Gudvangen for at det ikkje skal gro meir til. Dette vil og bidra til å halda landskapet ope, vere positivt for betre beiteareal, og ein del murar som ligg inne i skogen vil bli synleg. Tiltaket bør komma fram i planen.
- Viktig at rett/gjeldande areal vert med i planen. I samarbeid med Bjørn Henning Hov, er arealet som han skjøttar og brukar til si drift, sett opp i vedlagt tabell.
- Det er og beiting utanfor område som er kartlagt. Dette gjeld mellom anna eit stort område i lia og skogen frå Styvi mot Klungrenes. Planen må omtala at det er beiting utanfor kartlagt område.
- Aurland kommune har lagt ved eit eige vedlegg med kommentar til skjøtsel på kvar enkelt teig mellom Skalmenes og Bleiklindi.

Innspel frå Statsforvaltaren i Vestland:

- Statsforvaltaren er godt nøgd med utkast til skjøtselsplan, og har ingen tilføyinger til planen.



Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plantear og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Reglane er ikkje til hinder for landbruksdrift på eksisterande innmark, men drifta skal ta omsyn til landskapets sær preg og spesielle karakter. Det kan gjennomførast beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneføremålet.

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføra skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet, jf. verneforskrifta § 5. Utarbeiding av skjøtselsplan er heimla i naturmangfaldlova § 36 (landskapsvernombordet) 3. avsnitt: «*For de deler av landskapsvernombordet der bruk er en vesentlig føresetnad for å ivareta verneføremålet, skal det senest samtidig med vedtak om vern etter første ledd legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneføremålet. Planen kan omfatte tiltak om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer».*

I fylge naturmangfaldlova § 47 kan forvalningsmynde gjennomføra skjøtsel i verneområdet. Dersom det er mogleg, skal forvaltinga inngå avtale med grunneigar om fastsette skjøtselstiltak.

Vurdering

Fyrste skjøtselsplan for Styvi – Holmo (rapport 4 – 1994) vart utarbeid etter opprettinga av landskapsvernombordet Styvi – Holmo. Skjøtselsplanen er tatt med som vedlegg til forvalningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Forvaltar legg til grunn at revideringa av planen er utført med heimel for skjøtselsplan og skjøtsel i naturmangfaldlova §§ 36 og 47.

Skjøtselsplanen er utarbeid av Miljøfaglig Utredning i tett samarbeid med grunneigarane, kommunen, statsforvaltaren og verneområdeforvaltarane. Det har vore gjennomført fleire arbeidsmøte, og tiltaka i planen er tilpassa det som er realistisk å få gjennomført i planperioden med tilgjengelege økonomisk og menneskelege ressursar.

Skjøtselstiltaka skal fremja verneverdiane. Tiltak som kan gje inngrep i landskapet, som t.d. ny bru, kai eller elveførebygging er søknadspliktige tiltak. Det må vurderast om det er heimel til tiltaka i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet og naturmangfaldlova. Tiltaka som er tatt med i skjøtselsplanen og som er søknadspliktige, gjev ikkje føringar for forvaltinga si handsaming av eventuelle søknadar.

Det er kome gode innspel til planen frå Aurland kommune. Forvaltar har fylgjande kommentar til innspela frå kommunen.

- Under tabellane i kapittel 8 er det lagt inn kommentar om at kostandane er oppgitt i tal frå 2022. Forvaltar meiner det ikkje er naudsynt med ytterlegare kommentarar til dette.



- Skjøtselsråd for Vetlestyri bør leggjast til under kapittel 4.4.2 om skjøtsel av dei enkelte delområda.
- Revidert skjøtselsplan gjeld området mellom Skalmenes og Knoken. Det er ikkje gjort vurderingar vidare innover mot Gudvangen. Forvaltar meiner areal som ikkje er kartlagt ikkje bør vera med i denne skjøtselsplanen.
- Aurland kommune og grunneigar Bjørn Henning Hov har gått gjennom areal på begge gardsbruka på Styvi. Totalarealet for skjøtsel med slåmaskin og grastrimmar for begge bruka er 147 daa. Av dette vert 122,7 daa slått med slåmaskin, og 24,3 daa med grastrimmar. Kartgrunnlaget er gardskart frå NIBIO. Desse tala bør rettast i dokumentet i kapittel 8. *Skjøtselstiltak*.
- Planen omtalar at det er beiting utanfor område som er kartlagt. Forvaltar meiner det er godt omtalt, og at det ikkje er trong for ytterlegare utdjuping.
- Tabell med deltaljar for skjøtselen på kvar einskild teig bør vera med som vedlegg til planen. Denne tabellen vil vera eit godt grunnlag når skjøtselstiltaka skal planleggjast vidare, og ved evaluering av skjøtselsplanen.

I utkast til skjøtselsplanen er det ikkje lagt inn overvakning av bevaringsmåla for kulturmarka. I tinginga av skjøtselsplan var det sett opp at det skulle leggjast inn overvakning av bevaringsmål for kulturmarka. Overvakinga skulle knytast til tilstandsvariablar i fagsystemet Naturstatus for verneområde (NatStat), og med feltapplikasjonen NatReg. Det bør etablerast overvakning av bevaringsmål for representative område av naturtypen seminaturleg eng som referanseområde for skjøtsel med beite og beitepussing. Aktuelle område er seminaturleg eng på Holmo (NIN5K2110014314). I tillegg bør det etablerast overvakning av eit område med seminaturleg eng i gjenvekst med skjøtsel beiting. Aktuelle område er Stolen (NIN5K2110013997) og Klungrenes (NIN5K2110014588).

Framlegg til overvakingsmetode (lokalisering av overvakingsgeometri/teljemetode) skal utarbeidast i samråd med SNO. Gjennomføring av overvakkinga skal vera avklart før bevaringsmåla vert lagt inn i NatStat. Bevaringsmåla skal knytast til fylgjande tilstandsvariablar i NiN: Gjengroingsgrad= God, Framandartsinnslag= God, Problemart= God, Bruksform = Beite og slått, Bruksintensitet = God. Ingen gjødsling.

Forvaltar rår til at skjøtselsplanen vert godkjent med tilføyingane i kommentarane under vurderinga.



Arkivsaksnr: 2022/13135-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	24/22	11.10.2022

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Skalmenes - gravemaskin til grunnmursarbeid

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørn Henning Hov løyve til å nytte gravemaskin til arbeid på grunnmuren til løa på Skalmenes, gnr. 58 bnr. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal nyttast ein minigraver med gummibelte, og med maksimal vekt på 1000 kg.
- Minigravar skal køyrast med båt til og frå Skalmenes, og beltast i land frå båten nær grunnmuren til løa. Det skal ikkje køyrast med minigravar på innmarka på Skalmenes.
- Minigravar skal nyttast til å grave ut lausmassar som har kome inn i tomta, og mura opp att grunnmurane til uteløa på Skalmenes.
- Minigravar skal nyttast til å legge på plass steinar som har glidd ut frå bakkemuren mellom innmarka og fjorden på Skalmenes. Minigravar skal berre køyrast på stranda på sjøsida på av muren
- Istandsetting av grunnmuren skal gjerast i samsvar med godkjente planar for gjenreising av løa på Skalmenes (saksprotokoll 25/21 Nærøyfjorden verneområdestyre).
- Minigravar skal transporterast ut av området straks arbeidet er gjennomført, og innan 01.12.2022.

Dette løyvet er berre handsama etter reglane i verneforskrifta.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved kulturarvdelinga dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Søknad om bruk av gravemaskin på Skalmenes for istandsetting av grunnmur, *Bjørn Henning Hov*, 29.09.2022
- Saksprotokoll 25/21, 15.03.2021 – Nærøyfjorden verneområdestyre

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Bjørn Henning Hov har fått løyve av Nærøyfjorden verneområdestyre (saksprotokoll 25/21, 15.03.2021) til å gjenreise ei uteløe på Skalmenes. Også Aurland kommune har handsama og gitt løyve til tiltaket. Hov søker om å få bruke minigravar til å grave ut lausmassar inne i tomta, og til å legge på plass steinar i grunnmuren. Han vil bruka ein minigravar på 985 kg med gummibelte. Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden 1. november til 1. desember 2022. Minigravaren skal setjast i land på Skalmenes frå landgangsbåt.

Det er fleire større steinar i bakkemuren mellom dyrka mark og fjorden som har glidd ut av muren. Hov vil nytte minigravaren for å legge desse steinane på plass att.



Kartet viser området på Skalmenes der det skal nyttast gravemaskin. Kartkopi frå Fylkesatlas



Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Motorferdsel er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.1. Forvaltninga «kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruver m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar» jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.3. Reglane er ikkje til hinder for naudsynt motorferdsel i samband med landbruk. Bruk av gravemaskin for å setja i stand ein grunnmur vil falle utanfor omgrepene landbrukssamanheng, og må vurderast som særskilt høve. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Skalmenes er del av innmarka til gardsbruka på Styvi i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Området er utan vegtilkomst, og alt utstyr må transporterast med båt. Hov har fått naudsynte løyve til å bygge opp att uteløa på Skalmenes. Grunneigar ynskjer å utføra det meste av arbeidet med uteløa sjølv. For å få på plass att store steinar i grunnmuren, vil ein liten minigravar vera til stor hjelp. Gjenreising av uteløa på Skalmenes er vurdert til å ha stor verdi for det heilsaklege kulturlandskapet og bygningsmiljøet på og rundt Styvi. Det er ein føresetnad at bruk av minigravar ikkje er til skada på verneverdiene eller er i strid med verneføremålet, for at forvaltninga kan gje løyve til tiltaket med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Styvi og restaureringsplan for Nærøyfjordområdet. Av kjente førekommstar av sårbarer artar og naturtypar (Naturbase 30.09.2022) er det registrert alm på Skalmenes, og deler av innmarka er registrert som seminaturleg eng. Det skal ikkje køyrast med gravemaskin på innmarka, og aktivitetten vil difor ikkje påverka sårbarer artar og naturtypar.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 i naturmangfaldlova vert vurdert som godt for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er ikkje tillagt vekt i denne saka.

Forvaltninga ynskjer å praktisera reglane i landskapsvernombordet på ein måte som held motorferdsla på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet. Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Maskinarbeidet må avgrensast til det som er naudsynt for å bygge opp att murane til uteløa på Skalmenes. Minigravar som skal nyttast er ei lita maskin med gummibelte. Den vil i liten grad setja spor i landskapet, og vil vera til god hjelp for å få på plass att steinane i grunnmuren. I tillegg kan minigravaren



nyttast til å legge på plass att steinar som har glidd ut av muren mellom innmarka og fjorden på Skalmenes. Minigravaren vert sett i land på Skalmenes frå landgangsbåt, og skal ikkje køyrast i terrenget utanom tomta til uteløa, og på stranda langs muren mellom innmarka og fjorden. Bruk av minigravar til dette føremålet er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12.

Det er gitt løyve til bruk av gravemaskin for å mure opp att grunnmurar ved nokre tiltak tidlegare i dette landskapsvernombordet, og det er gitt løyve til bruk av gravemaskin i samband med flaum- og rassikring i landskapsvernombordet. Forvaltar vurderer den samla belastninga med bruk av gravemaskin i Nærøyfjorden landskapsvernombordet til å vera liten, og til i liten grad å vera til skade på naturverdiane. Det er berre unntaksvis, og i dei tilfelle der gravemaskin er vurdert som beste miljømessige metode, det er gitt løyve til å bruka gravemaskin. Forvaltar vurderer bruk av minigravar ikkje vil føra til auka belasting på verneområdet. Den vil vera eit godt hjelpemiddel for at grunneigar sjølv kan gjennomføra tiltaket med å setja i stand kulturmiljøet på Skalmenes. Motorstøy i samband med arbeidet vil vera avgrensa i tid, og vil ikkje gje varig negativ skade på verneområdet. Forvaltar vurderer tiltaket til ikkje å vera i strid med verneføremålet, som mellom anna er å ta vare på eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap og kulturminne.

Bruk av minigravar i samband med murarbeidet vil lite truleg føre til skade på naturverdiane. Nml § 11 er difor vurdert til ikkje å vera relevant for denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, er det vurdert at tiltaket ikkje vil skada verneverdiane eller vera i strid med verneføremålet. Forvaltar rår til at det vert gitt løyve til å bruke minigravar til murarbeid på Skalmenes med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**



Arkivsaksnr: 2022/2466-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	25/22	11.10.2022

Nærøyfjorden verneområdestyre - ny medlemsliste - rådgjevande utval

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre set opp fylgjande medlemsliste for rådgjevande utval for Nærøyfjorden verneområdestyre:

Organisasjon/representant
Aurland fjellstyre
Lærdal fjellstyre
Bakka grendalag
Nærøy Vel
Dyrdal grendalag
Undredal grendalag (Undredal sameige kopimottakar)
Vener av Flåmsdalen
Jordalen grendalag (Jordalen grunneigarlag kopimottakar)
Fresvik bygdalag (Fresvik beitelag og Fresvik grunneigarlag kopimottakarar)
Grunneigarrepresentant Styvi
Grunneigarrepresentant Stigen
Representant Frønningen
Visit Voss
Visit Sognefjord
Naturvernforbundet Hordaland
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane/Hordaland
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
Nordfjella villreinutval
Fjellheimen villreinutval
Nordfjella villreinutval
Sogn og Fjordane Turlag/Lærdal Turlag
Aurland Turlag
Voss Utferdslag



Nærøyfjorden verneområdestyre

Vik Turlag
Statsforvaltaren i Vestland
Verdsarvkoordinator Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden
Nærøyfjorden Verdsarvpark
Sognefjorden Vel
Høgskulen i Vestland
Aurland Hamnevesen

SNO er representert på møta, men er ikkje medlem i rådgjevande utval.

Saksopplysningar

I vedtekten for verneområdestyret står det følgjande om fagleg rådgjevande utval:
«Styret skal oppnemne eit fagleg rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike brukarinteressene i området, som til dømes fjellstyre, næringsliv, friviljuge organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med fagleg rådgjevande utval.»

Oppgåver/mandat

Fagleg rådgjevande utval skal arbeide for ei heilskapleg og samordna forvaltning av verneområdet innanfor rammene av verneforskrifta. Utvalet har uttalerett og kan gi råd i alle saker som utvalet blir bedt om å ta opp til behandling, eller i saker som utvalet sjølv ser som viktige for forvaltninga av verneområda, også i forhold som omfattar næringsutvikling.
Utvalet er rådgjevande ovanfor verneområdestyret.

Verneområdeforvaltaren utgjer sekretariatet i fagleg rådgjevande utval. Alle representantar kan føreslå saker til behandling i fagleg rådgjevande utval, og utvalet bestemmer sjølv kva saker dei vil ta opp til behandling. Sekretariatet kan av eige initiativ legge saker fram for utvalet. Normalt skal ikkje enkeltsaker takast opp i utvalet, med unntak av saker som har prinsipiell betydning for forvaltninga av verneområda.

I styremøte 2-2011 6. desember 2011 gjorde verneområdestyret for Nærøyfjordområdet vedtak om samansettjing av fagleg rådgjevande utval. I ettertid har det blitt gjort nokre små justeringar i rådgjevande utval, men det har no vore uttrykt at det hadde vore nyttig med ein meir grundig gjennomgang av samansettinga og supplering av utvalet.

I styremøte 22.02.2022 vedtok Nærøyfjorden verneområdestyre å senda ut invitasjon til nye og «gamle medlemmar, og sette opp endeleg medlemsliste på bakgrunn av responsen på invitasjonen.

06.09.2022 sende forvaltar ut invitasjonen i samsvar med vedtaket. Det er kome svar frå 5 representantar/organisasjonar som ynskjer å delta i rådgjevande utval.

Invitasjonen vart sendt til 34 organisasjonar/representantar (svar er notert i eigen kolonne):

Organisasjon/representant	Svar
Aurland fjellstyre	
Lærdal fjellstyre	
Bakka grendalag	



Nærøyfjorden verneområdestyre

Nærøy Vel	
Dyrdal grendalag	
Undredal grendalag/Undredal grunneigarlag	
Vener av Flåmsdalen	
Jordalen grunneigarlag/Jordalen grendalag	Grendalaget er representant Grunneigarlaget kopimottak
Fresvik beitelag	
Fresvik grunneigarlag	
Fresvik bygdalag	
Grunneigarrepresentant Styvi	
Grunneigarrepresentant Stigen	Dee Cunningham er representant
Representant Frønningen	
Visit Voss	
Visit Sognefjord	
Naturvernforbundet Hordaland	
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	
Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane/Hordaland	
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell	
Nordfjella villreinutval	
Fjellheimen villreinutval	
Nordfjella villreinutval	
Sogn og Fjordane Turlag	Magnhild Aspevik er representant
Aurland Turlag	
Voss Utferdsdag	
Lærdal Turlag	Felles representant med Sogn og Fjordane Turlag
Vik Turlag	
Statsforvaltaren i Vestland	
Verdsarvkoordinator Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden	
Nærøyfjorden Verdsarvpark	
Sognefjorden Vel	Deltek
Høgskulen i Vestland	
Aurland Hamnevesen	Deltek

Vurdering

I evalueringa av forvaltningsordninga som vart gjennomført av Nordlandsforskning m.fl i 2021, vart det peika på at rådgjevande utval mange stadar ikkje fungerer etter intensjonen. Mandatet er ofte uklart og mange representantar i rådgjevande utval opplever at utvalet fungerer mest som ein informasjonskanal og arena for å fremme eigne syn, utan at det medfører reell innverknad på avgjerder. Det vart konkludert med at det er eit betydeleg forbettingspotensial når det gjeld involvering av desse utvala i forvaltinga ut frå målsettingane.



Å sørge for at dei rette aktørane er medlem i rådgjevande utval og at dei som er engasjert får moglegheit til å bli med, kan vere eit første steg på vegen til betre involvering og funksjon av rådgjevande utval. Det er berre 5 personar/organisasjonar som har sendt svar på om dei ynskjer å delta i rådgjevande utval. Dette kan tyde på at det er lite engasjement for å delta i rådet, eller at dei som ikkje har svart ynskjer å delta utan endringar på kven dei representerer. Forvaltarar rår til at alle som har fått invitasjon vert med på ny medlemsliste, i tillegg til endringar som er spelt inn frå dei som har svart på invitasjonen.



Arkivsaksnr: 2021/9262-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	26/22	11.10.2022

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Øvste Stegen Høgdagard - etablering av grisehus og gjerde

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ottar Stegen løyve til å ha elektrisk gjerde og midlertidig griseskur ståande der det er etablert på Øvste Stegen til 01.10.2023. Kartet i saka viser plassering av tiltaket. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3, punkt 1.3 b) og f).

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Griseskuret skal stå der det er vart sett opp i 2021. Grunnflate er på inntil 2 x 1,5 meter og har ei høgd på inntil 1,5 meter. Det har tre vegger av tre og tak av gamle bølgjeblekkplater.



- Gjerde markert med lilla farge i kartet, kan flyttast vest til fjøsbygget.
- Gjerde og grisehuset skal fjernast innan 01.10.2023.



Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om å ha grisehus og gjerde ståande på Øvste Stegen, *Irene og Ottar Stegen*, 19.09.2022
- Delegert vedtak 18.06.2021 – Nærøyfjorden verneområdestyre

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Ottar Stegen søkte om å sette opp eit midlertidig griseskur og elektrisk gjerde på Øvste Stegen for sommarsesongen 2021. Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til tiltaket, men settet vilkår om at griseskuren og gjerdet skulle takast ned att same hausten. Dersom dei ville ha tiltaket ståande, måtte dei søkja verneområdestyret om nytt løyve. Forvaltar var på synfaring på Stigen i august 2022, og såg at griseskur og gjerde ikkje var tatt ned i samsvar med løyvet. Stegen fekk melding om at dette ikkje var i tråd med vedtaket. I ettertid har Stegen sendt søknad om å få ha griseskuren og gjerdet ståande.



Figur 1 Bildet viser oppsett gjerde og griseskur

Ottar Stegen og familien arbeider med istandsettinga av bygninga og kulturlandskapet Øvste Stegen Høgdagard. Dei vurderer ulike moglegheiter for drift og skjøtsel av garden vidare framover. Dei hadde to utegrisar i inngjerdinga i 2021, og i 2022 hadde dei to lam på beite her. Neste år ynskjer dei å ha to-tre sau med lam i innhegninga. For at sauene skal ha nok beite, vil dei flytte gjerdet (lilla strek) 40 meter mot fjøsen. I 2024 skal dei fornya beiteavtalen med gardbrukarane på Nedste Stigen, og dei vil då vurdera om sauehald er noko dei skal halda fram med på Øvste Stegen Høgdagard.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområdet, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3, punkt 1.1

§ 3, punkt 1.2: Reglane er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt særpreg og spesielle karakter.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneformålet

§ 3, punkt 1.3. Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn.
Uforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Høgdegardane på Stigen er eit viktig landskapselement i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og bevaring av kulturlandskapet er eit viktig føremål med vernet. Ottar og Irene Stegen er grunneigarar på Øvste Stigen. Dei har ikkje landbruksdrift i dag, men gjere ein viktig jobb med å slå og halde kulturlandskapet ope. Sidan det er landbruksaktivitet på innmark dei søker om løyve til, blir søknaden handsama etter § 3, punkt 1.3 i verneforskrifta. Søknaden frå 2021 vart handsama som delegert vedtak då det var eit lite midlertidig tiltak. Sidan det søkt om forlenging av det midlertidige tiltaket, vert saka lagt fram for verneområdestyret for handsaming.

Området dei har gjerdar inn har hatt mykje sølvbunketuer. Grisene som har beita her har gjort ein bra jobb med å redusera omfanget av sølvbunken. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar på området som vil kunne ta skade av tiltaket (naturbase 30.9.2022). På Nedste Stigen er den trua sommarfuglen Stor bloddråpesvermer registrert. Denne er knytt til lysåpen, blomsterrik mark, og det er ikkje usannsynleg at den også brukar slåttemarka på Øvste Stigen. Beite på ein liten del av innmarka på Øvste Stegen i eit avgrensa tidsrom, er ikkje forventa å ha vesentleg negativ påverknad på arten. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Bygget og gjerdet som er sett opp har vore ein god og miljøforsvarleg metode for å ha sauar på inngjerde område, jf. nml. § 12. Det er positivt med landbruksaktivitet på høgdegarden. Beitedyr er viktig for å halda kulturlandskapet ope på høgdegardane. Det er ikkje forventa at



tiltaket vil gje auka belastning på økosystemet, jf. nml. §10. Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. §11 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2022/11712-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utvale	Utvallssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	27/22	11.10.2022

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Drægo Hjølmo, motorferdsel vinterføre - uttransport av felt hjort

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Gunnstein Ohnstad løyve til inntil 10 turar tur/retur med beltegåande ATV på snøføre mellom Drægo (Tråni) og Hjølmo for uttransport av felt hjort. Løyvet til uttransport gjeld jaktrettshavar på gnr. 67 bnr. 3, 5 og 7. Løyvet gjeld i perioden frå 15.11.2022 – 31.01.2023. Løyve til uttransport av felt vilt er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for uttransport av felt hjort.
- Dersom andre jaktrettshavarar treng transport av felt hjort frå Hjølmo, skal transporten samordnast med dei andre jaktrettshavarane.
- Transporten skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720).
- Dette løyvet og køyrebok skal vera med under transport. Køyrebok skal førast før turen startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om transporten innan 1. mars 2023 til sekretariatet for verneområdestyret.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde, *Gunnstein Ohnstad*, 30.08.2022

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Gunnstein Ohnstad søker på vegne av gnr. 67 bnr. 5 og 7, og gnr. 67 bnr. 3 i hjortevaldet i Dyrdal om uttransport av felt hjort frå Hjølmo til Drægo. Dei søker om å få nytta ATV med belte på snøføre på landbruksvegen som går i landskapsvernombordet på denne strekningen. Søknaden gjeld inntil 10 turar i tidsrommet 15.11.2022 til 31.01.2023.



Landbruksvegen mellom Tråni og Hjølmo bru er markert med blått.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder



for naudsnyt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar.

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gje fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruver m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om uttransport av felt hjortevilt i verneområdet. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig....». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

I styremøte 8. februar i 2021 gav Nærøyfjorden verneområdestyre løyve til motorisert ferdsel på barmark på landbruksvegen i Dyrdal frå Tråni til Hjølmo bru, på den delen av landbruksvegen som er i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Denne søknaden gjeld transport på vinterføre på same landbruksvegen for uttransport av felt hjort. Det er heimel i verneforskrifta for å gje løyve til naudsnyt transport av ved, proviant og utstyr med snøskuter til stølar, men verneforskrifta opnar ikkje for uttransport av felt hjortevilt, og det må difor vurderast om det er heimel etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til transporten. I fylge førearbeidet til naturmangfaldlova, kan ikkje § 48 nyttast for å utvida ramma som var trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal vera ein sikkerheitsventil for tiltak som det ikkje var mogleg å sjå føre seg på vernetidspunktet, eller spesielle tiltak som ikkje var diskutert i verneplanprosessen. I fleire av dei nyare verneforskriftene for landskapsvernombordet, er det opna for at forvaltningsmyndigheten kan gje løyve til uttransport av felt hjortevilt på snødekt mark dersom det ikkje går ut over verneverdiane eller verneføremålet.

Hjølmo er stølen til Dyrdal og Styvi. Det er ikkje aktiv stølsdrift her lenger, men området vert nytta til sauebeite og rekreasjon. Dei fleste stølshusa på stølen er i god stand, og stølsområdet er bra ivaretake. Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvalningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltinga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar i området der transporten føregår (Naturbase 27.09.2022). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. I vurderinga må det leggjast vekt på om løyve til transport i dette tilfellet kan vera aktuelt for fleire saker, og slik skapa presedens for tilsvarande saker. Vesentleg auke i motorisert ferdsel i verneområdet vil vera ei uheldig utvikling, og vil slik sett kunne vera i strid med verneføremålet. I 2021 gav verneområdestyret løyve til transport på vinterføre til Hjølmo for transport av ved, persontransport av funksjonshemma og transport i samband i tilsyn i eit unntakstilfelle. Transporten det er gitt løyve til har vore til køyring på landbruksvegen.



Transportføremålet i denne saka gjeld uttransport av felt hjortevilt. Søknaden gjeld transport for 2 jaktrettshavarar. Det kan koma søknad frå fleire av rettshavarane for transport til same føremålet. Jakttida på hjort i Aurland kommune er utvida til 31. januar for å auka uttaket av hjort i kommunen. Dette er eit av tiltaka for å redusera faren for smitte av CWD i hjortebestandane. Eit anna tiltak for å redusera hjortebestanden, er tilbod om gratis uttransport av felt vilt med helikopter. Denne transporten er i regi av SNO, og tilboden gjeld ut november 2022. Under føresetnad av at transporten ikkje går ut over verneføremålet eller verneverdiane, vurderer forvaltar uttransport av felt hjort på vinterføre som eit tiltak som kan vurderast på særskilt grunnlag med bakgrunn i målet om å auka fellinga av hjort i kommunen.

Køyringa med ATV gjeld køyring på landbruksvegen på ein kort strekning inn i verneområdet, nær bygda. Transporten er knytt til uttransport dersom det vert felt hjort. Den motoriserte ferdseLEN vil difor vera avgrensa, og vert vurdert til i liten grad å påverka verneføremålet. Køyretraseen er på snødekt mark på landbruksvegen, og vil ikkje føra til skade på terrenget. Den samla belastninga på området av motorferdsle i denne delen av Nærøyfjorden landskapsvernombordet vert vurdert til og vera på eit akseptabelt nivå.

Køyring på snøføre vil ikkje føra til spor i terrenget, men det må visast omsyn til dyreliv under transporten. Forvaltar vurderer beltegåande ATV på linje med snøskuter, og meiner det i dette tilfellet er ein miljøforsvarleg transportmetode til dette føremålet jf. nml. § 12.

Transporten er vurdert til ikkje å føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon

Transporten vil i liten grad påverka verneverdiane. Eit avgrensa tal turar med motorisert køyretøy på snødekt mark på traseen til landbruksvegen er vurdert til ikkje å gå ut over verneføremålet. Med bakgrunn i vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til uttransport av felt hjort med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2022/11835-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	28/22	11.10.2022

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Ljosdalen - oppføring av utedo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Siver Wangen, gnr. 49 bnr. 1, løyve til å sette opp utedo ved sankebua i Ljosdalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 b).

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Utedoen skal plasserast tett ved sankebua. Denne plasseringa er markert som reiskapsbu i situasjonskartet vedlagt søknaden. Kartkoordinat: UTM sone 32, 6747738, 395623.
- Bygget kan ha ein storleik med ytre mål på inntil 1,0 meter x 1,0 meter.
- Bygget skal vera kledd med trepanel og ha pulttak.
- Restmateriale og avfall skal takast hand om på ein miljøforsvarleg måte. Restmateriale, avfall og utstyr skal fraktast ut av området når byggearbeidet er avslutta.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet for verneområdestyret når arbeidet er avslutta, og innan 01.09.2023.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må avklara med Aurland kommune om tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om etablering av utedo og reiskapsbu i Ljosdalen, *Siver Wangen, gnr. 49 bnr. 1, 26.09.2022*
- Saksprotokoll 26/17, 19.06.2017 – Nærøyfjorden landskapsvernombord – sankebu i Ljosdalen

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Siver Wangen, eigar av Brekke gard (gnr. 49 bnr. 1), søker om etablering av utedo med utvendige mål 1,1 m x 1,5 m på stølen til Brekke i Ljosdalen. Utedoen skal plasserast litt nedafor dei andre stølshusa. I tillegg vert det søkt om oppsetjing av ei reiskapsbu med utvendige mål 1,0 x 1,0 m. Denne skal setjast opp i nærleiken av sankebua til Brekke gard. Situasjonskartet under viser plassering av bygningane.




Situasjonsplan vedlagt søknad



Nærøyfjorden verneområdestyre



Oversiktsbilde over stølen i Ljosdalen. Foto Kristoffer Ullern Hansen



Oversiktskart med gardane Brekke og Ljosdalen

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitegangar, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.



Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b), kan forvaltningsmynde gje løyve til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Ljosdalen ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, og er stølen til gardane på Brekke i Flåm. Det er ikkje stølsdrift her, men området vert nytta som beiteområde for sau. Nærøyfjorden verneområdestyre gav Siver Wangen (gnr. 49 bnr. 1) løyve til oppføring av sankebu i Ljosdalen i 2017. Wangen driv landbruksproduksjon med blant anna sau, og har sauene på beite i Ljosdalen og fjella rundt. Løyve til oppføring av sankebua var gitt på bakgrunn av at det var trond for ei sankebu i samband med tilsyn av sauene på beite, og ved sinking av sauene heim frå beite. Sankebua vart bygd i 2019. Verneområdestyret fekk rapport frå SNO i 2021 om at det i tillegg til sankebua var sett opp to mindre bygningar. Wangen har i ettermiddag søkt om å få sette opp ein utedo og ei reiskapsbu i tilknyting til sankebua. Oppføring av bygningar i landskapsvernombordet utan dispensasjon frå verneforskrifta, er ulovlege tiltak. Verneområdestyret må vurdera om oppføringa av desse to bygningane skal meldast som ulovlege tiltak. Vedtekten til styret seier at verneområdestyret har ei plikt til å mæda ulovlege tiltak. Styret må vurdera oppfølging av ulovlege tiltak som eiga sak.

I verneforskrifta er det opning for at forvaltninga kan gje løyve til oppføring av nybygg i samband med landbruk. Det er forvaltningspraksis å gje løyve til oppføring av utedo på stølar som er i bruk i næring eller fritidsføremål. Denne stølen er i bruk i landbruksnæring, og forvaltar vurderer at denne søknaden kan vurderast som bygg i landbruksnæring jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b).

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (2014). Det er ingen kjente førekommstar av trua artar eller naturtypar på stølen i Ljosdalen som vil verta påverka av tiltaket (Naturbase 28.09.2022). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet i nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga på økosystemet skal vurderast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. På stølen er det to bygningar som er sett opp som stølshus, og eit bygg som er sett opp som sankebu. Sankebua har same storleik som eit stølshus. Det er murar etter 9 andre bygningar i stølsområdet. Det er ikkje att nokon av dei gamle bygningane på stølen, og den kulturhistoriske verdien på stølen er svært redusert, jf. uttale frå fylkeskommunen. Dei gamle murane etter stølshus har ein kulturhistorisk verdi, og det bør difor ikkje setjast opp nye bygningar tett på dei gamle murane som ligg utanfor dei andre bygningane på stølen. Utedoen bør setjast opp nær dei andre bygningane slik at den står i eit bygningsmiljø. Den eine bua er sett opp nær sankebua og er ein del av bygningsmiljøet. Ved å bruke denne som



utedo, vil det ikkje gje nye inngrep i landskapet. Forvaltar vurderer tiltaket med utedo ved sankebua til ikkje å føra til auka belastning på naturområdet. Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket er vurdert til ikkje å gje skade på naturmangfaldet.

Uthuset ved sankebua med ein storleik på 1 meter x 1 meter er eit enkelt byggverk som glir inn i bygningsmiljøet. Storleiken er tilpassa føremålet som utedo, og tiltaket er tilpassa landskapet. Forvaltar vurderer tiltaket som eit bra miljøtilpassa bygg jf. nml § 12.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, vurderer forvaltar at det kan gjevast løyve til bygging av utedo med vilkåra som er i innstillinga til vedtaket.



Arkivsaksnr: 2022/11835-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.10.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	29/22	11.10.2022

Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Ljosdalen - reiskapsbu

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev avslag på søknaden om oppføring av reiskapsbu ved sankebua i Ljosdalen. Vedtaket om avslag er gjort med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombåde § 1.1 punkt a).

Vedtaket er samtidig å rekna som eit varsel om retting av tiltaket.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om etablering av utedo og reiskapsbu i Ljosdalen, *Siver Wangen, gnr. 49 bnr. 1, 26.09.2022*
- Saksprotokoll 26/17, 19.06.2017 – Nærøyfjorden landskapsvernombåde – sankebu i Ljosdalen


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombåde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008


Siver Wangen, eigar av Brekke gard (gnr. 49 bnr. 1), søker om etablering av utedo med utvendige mål 1,1 m x 1,5 m på stølen til Brekke i Ljosdalen. Utedoen skal plasserast litt nedafor dei andre stølshusa. I tillegg vert det søkt om oppsetjing av ei reiskapsbu med utvendige mål 1,0 x 1,0 m. Denne skal setjast opp i nærleiken av sankebua til Brekke gard. Situasjonskartet under viser plassering av bygningane.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Situasjonsplan vedlagt søknad




Oversiktskart med gardane Brekke og Ljosdal



Nærøyfjorden verneområdestyre



Oversiktsbilde over stølen i Ljosdalen. Foto Kristoffer Ullern Hansen



Planteikning for sankebu. Vedlegg til søknad om bygging av sankebu, 2017.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområdet, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Dette gjeld mellom anna: «...oppføring og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar...» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b), kan forvaltningsmynde gje løyve til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemnd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Ljosdalen ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, og er stølen til gardane på Brekke i Flåm. Det er ikkje stølsdrift her, men området vert nytta som beiteområde for sau.

Nærøyfjorden verneområdestyre gav Siver Wangen (gnr. 49 bnr. 1) løyve til oppføring av sankebu i Ljosdalen i 2017. Wangen driv landbruksproduksjon med blant anna sau, og har sauene på beite i Ljosdalen og fjella rundt. Løyve til oppføring av sankebua var på bakgrunn av at det var trong for ei sankebu i samband med tilsyn av sauene på beite, og ved sanking av sauene heim frå beite. Sankebua vart bygd i 2019. Verneområdestyret fekk rapport frå SNO i 2021 om at det i tillegg til sankebua var sett opp to mindre bygningar. Wangen har i ettertid søkt om å få sette opp ein utedo og ei reiskapsbu i tilknyting til sankebua. Oppføring av bygningar i landskapsvernombordet utan dispensasjon frå verneforskrifta, er ulovlege tiltak. Verneområdestyret må vurdera om oppføringa av desse to bygningane skal meldast som ulovlege tiltak. Vedtekten til styret seier at verneområdestyret har ei plikt til å mælda ulovlege tiltak. Styret må vurdera oppfølging av ulovlege tiltak som eiga sak.

I verneforskrifta er det opning for at forvaltninga kan gje løyve til oppføring av nybygg i samband med landbruk. Wangen nyttar stølen i landbruksnæring, og forvaltar vurderer at søknaden kan vurderast som bygg i landbruksnæring jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Sjølv om tiltaket er innanfor rammene av det forvaltninga kan gje løyve til, skal forvaltninga i ei kvar sak vurdera om tiltaket kan påverka landskapets art og karakter. Det skal også vurderast om eit tiltak er naudsynt.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområdet Nærøyfjorden (2014). Det er ingen kjente førekommstar av trua artar eller naturtypar på stølen i Ljosdalen som vil verta påverka av tiltaket (Naturbase 28.09.2022). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet i nml. § 9 er difor ikkje



tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga på økosystemet skal vurderast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. På stølen er det to bygningar som er sett opp som stølshus, og eit bygg som er sett opp som sankebu. Sankebua har same storleik som eit stølshus. Det er murar etter 9 andre bygningar i stølsområdet. Det er ikkje att nokon av dei gamle bygningane på stølen, og den kulturhistoriske verdien på stølen er svært redusert, jf. uttale frå fylkeskommunen. Dei gamle murane etter stølshus har likevel ein kulturhistorisk verdi, og det bør difor ikkje setjast opp nye bygningar tett på dei gamle murane som ligg utanfor dei andre bygningane på stølen. I situasjonsplanen er det lagt inn eit bygg tett ved sankebua og eit bygg tett opp til dei gamle murane. Forvaltar vurderer at bygget som ligg utanfor eksisterande bygningsmiljø, og tett i dei gamle stølsmurane, er til skade på kulturverdien og vurderer at bygget med det er ei ekstra belastning på verneverdiane på stølen. Forvaltar har rådd til at bygget som er sett opp tett ved sankebua kan bli ståande, og ha funksjon som utedo på stølen. Søknaden om utedo er handsama som eiga sak av verneområdestyret.

Sankebua som det vart gitt løyve til å sette opp har ei grunnflate på 34 m². Dette er eit stort bygg til å vera ei sankebu, og det bør difor vera plass nok i bygget til naudsynt utstyr i samband med tilsyn og sinking av beitedyr. Oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode, og det er berre opning for å gje løyve til nye bygningar som er naudsynt i landbruksdrifta. Forvaltar vurderer difor at det ikkje er naudsynt med ei ekstra bu til reiskap, og at bygget vil vera negativt for verneverdiane. Forvaltarar tilrår på denne bakgrunn at søknaden vert avslått.

Nml. §§ 11-12 er ikkje vurdert i denne saka då det er innstilt på avslag i saka.

Med avslag på søknaden om å ha reiskapsbu på stølen, må verneområdestyret vurdera om det skal sendast krav om retting av tiltaket. Det skal sendast eit førehandsvarsel til tiltakshavar før det kan gjerast vedtak om retting av tiltaket jf. forvaltningslova § 16.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-10, vurderer forvaltar at sankebua er oppført slik at den bør gje rom til utstyr som trengs i ei sankebu. Forvaltar rår til at ikkje vert gjeve løyve til bygging av reiskapsbu i Ljosdalen.